

Hans Seland 150 år

Ingvild Seland

Truleg har du sett statuen som står i Sundeparken når du kjører gjennom Flekkefjord. Det er den lokale forfatteren, Hans Seland, som er plassert på sokkel her. I mars 2017 er det 150 år sidan han vart fødd.

Hans Seland (1867-1949) engasjerte seg over eit vidt spekter i nyare politisk og kulturell historie. Han var i si samtid alt frå "stand-up"-komikar og privatetterforskar til lokalhistorikar, politikar og heimstaddiktar.

Kven er Hans Seland for folk i Flekkefjord i dag? For mange er han nok berre granitthovudet på sokkel i Sundeparken. Men det at Flekkefjord har heidra han med ein statue med ei fin plassering langs hovudvegen gjennom byen, seier oss at han har gjort ein innsats som byen har vore og skal vere stolt av.

For meg er han ein farfar eg aldri har møtt. Han døydde fire år før eg vart fødd, men han har likevel i stor grad vore med på å prega oppveksten min på Seland.

Bakgrunn

Hans Seland vaks opp på Seland i gamle Nes kommune. Gardsbruket var det minste i grenda og fødde tre-fire kyr og sju sauer, "på det vis det var" som han sjølv skriv. Garden var ein typisk tungdriven heiegard med små jordflekkar inn i mellom steinknausane. Oppveksten var prega av den store krisa i norsk jordbruk frå 1860-talet og utover. Ein ser i desse åra overgangen frå naturalhushald til pengehushald. Nye maskinar og nye driftsformer reduserte trongen for arbeidskraft og var saman med fødselsoverskotet ei viktig årsak til den veldige tilstrøyminga av folk til byane og til utvandringa til Amerika. Denne bakgrunnen ser ein att i bøkene han seinare skreiv.

Det hadde gått ei religiøs vekking over grenda i åra før Hans vart fødd. Dette var også med og prega oppveksten hans. Alle feler i bygda vart brende, og dans var bannlyst. Det var langt til kyrkje frå ein veglaus heiegard, så dei las gjerne frå huspostillen kvar søndag. Ikkje så enkelt for dei minste å sitte stille og høyra på noko ein forsto svært lite av. Men dei fekk i alle fall med seg at *synda* skulle ein passa seg for. Somme synder var verre enn andre. Det var særleg bestemora som sa frå om det. Å bruka kniv på heilagdagane og å plystra var av dei verste. Banna og spela kort var ille nok, men av lettare slag. Å lyga og stela kom lenger ut i rekka.


Hans var nummer tre i ein søskenflokk på sju. Miljøet han vaks opp i, var på mange måtar stimulerande. Faren var ein aktiv mann i lokalmiljøet. Han var formann i fattigstyret og skolestyret, varamann i forliksrådet og med i likningskommisjonen. I 1876 var han med og starta Nes Sparebank. Alle dei fem sønene fekk utdanning.

Selandsgrenda hadde ikkje skolehus, så her gjekk skolen

på omgang mellom gardane. Dei to siste åra før han vart konfirmert gjekk han ein måned kvar sommar på skole på Tjorsvåg hos lærar og seinare stortingsmann Ole Fuglesvedt. Ifylgje Hans Seland sjølv gjekk denne skolen for å vera den best utstyrte folkeskolen i landet. Garverieigar, seinare dampskipsekspeditor, B.C. Søyland gav pengar til skolen. Som 16-åring gjekk han eit år på amtsskolen på Feda, eit tilbod om vidare skolegang for bondeungdom, etter avslutta folkeskole, før han reiste til Stend i Fana for å gå to år på jordbruksskole. Han fekk også med seg eit år i meierilære i Danmark, men gjekk ikkje vidare den vegen. Mens han var i Bergen opplevde han teateret for fyrste gong, m.a. "Jeppe på Bjerget". Dette gjorde stort inntrykk.

Det var ikkje så enkelt å finna seg fast arbeid. Han tok på seg forskjellig sesongarbeid på gardane i distriktet. Våren 1887 fekk han arbeid med å stella til Fjellparken i Flekkefjord med vegar og planting. Parken ber merke etter arbeidet hans den dag i dag.

I 1894 tok han over garden på Seland, og i 1896 gifta han seg med Serena Malde frå Stavanger.



Hans Seland, ca. 1920.

"Hikstorie"-forteljaren

Det var mens han var i militærtenesta på Madlamoen at han for fyrste gong fekk prøva ut den forteljarkunsten han vart så kjent for seinare. I fristundene begynte han å lesa og fortelja litt for medsoldatane, og dei bad stadig om meir. I dagens språk vart han "stand-up"-komikar.

Seinare tok han seg jobb som bokseljar oppover Vestlandet. Då gjekk ryktet om at han kunne *fortelja*. Han prøvde seg med små forteljarkvelder i bygdene han kom til. Folk kom, hørte på, lo og takka. Hans Seland kalla sjølv desse morosame historiene for "hikstorie". Kanskje med ein assosiasjon til at publikum lo så dei hiksta?

Det vart sagt at han hadde funne den rette måten å fortelja på. Ein kjend skodespelar rundt førre århundreskiftet, Henrik Klausen, har gitt denne karakteristikken:

"De har funnet den ekte, norske fortellekunst. Den er stikk imot det vi har lært. Vi lærte det sånn, at man skal forberede poenget så publikum sitter og gleder seg: nå – nå kommer det snart noe! – De går den helt motsatte veien. Når De nærmer Dem poenget blir De mere og mere nonchalant og likesæl; trefferen kommer som om De ikke hadde anelse om at den var morsom. Og publikum sitter og ler etterpå!"

Åra fyrst på 1890-talet reiste han mykje rundt i landet på forteljarturar. I alle år sette han stor pris på å bli kjend med nye menneske. Mange sentrale folk i norsk kulturliv rekna han seinare som gode vener. Arne Garborg hadde han treft mens han var på Madlamoen. Seinare møtte han att Hulda og Arne Garborg i Oslo, og han vart med Garborg til Kolbotn i Østerdalen for å hjelpa han med å rydda jord der.

Våren 1893 prøvde han seg som historieforteljar i Oslo. Vener rådde han til å leggja om språket dersom han ville nå fram til folk der med dei sannferdige skrønene sine. Men det var aldri aktuelt! Han såg på desse turane som litt av eit misjonsarbeid for nynorsken. Den eine kvelden som var planlagt på revyscenen Eldorado, vart til 30!

På hausten same året la han ut på ei forteljarferd som starta i Kragerø og enda i Trondheim.

I 1903 fekk han forfattarstipend. Han ville til Amerika og møta nordmenn som hadde utvandra, eit stykke norsk folkeliv der ute i det framande. Og han "tok kjeften med seg" som han sjølv sa. Han møtte nordmenn kvar han kom. Han hadde forteljarkvelder i over 70 byar og opplevde det norske Amerika han hadde venta å finna. Vel 20 år seinare, i 1925, reiste han på nytt til Amerika, denne gongen som utsending for Norges Bondelag til 100-årsfesten for utvandringa. Han vart att ei stund etter festdagane. Men denne gongen var det vanskelegare å livnæra seg med foredrag og forteljingar. Berre på desse få åra hadde mykje endra seg, særleg det at dei nye generasjonane norsk-amerikanarar han møtte, ikkje lenger var så norske som førre gongen. Dei var i ferd med å bli amerikanarar.

Samfunnsengasjement

Han vart tidleg med i Norsk Landmandsforbund (seinare Norges Bondelag). Han sat i landsstyret samanhengande



Serena og Hans Seland

frå 1916 til 1937. Då gjekk han ut, 70 år gammal. Han hadde mykje av æra for at laget i 1922 bytte namn frå det dansk klingande "landmandsforbund" til det norske "bonde-lag".

I Nes hadde lærar og klokkar Ole Fuglestvedt starta ei "Landboforening" alt i siste halvdel av 1870-åra, der mellom anna far til Hans, Johannes Seland, var med. Laget døydde bort då Fuglestvedt flytta i 1891. Men i 1895 kom det liv i det att, og denne gongen var Hans Seland med i styret. I 1911 melde det seg inn i Norsk Landmandsforbund, og i 1913 endra lokallaget namn til Nes Bondelag.

Det var sjølv sagt at Hans Seland med sitt norske og nasjonale bondesyn fann seg til rette i partiet Venstre. Alt rundt konfirmasjonsalderen starta han å verva medlemmer til Venstrelaget. Han var aktiv både på lokalt plan og på riksplan fram til partiet vart delt og Bondepartiet (seinare Senterpartiet) stifta i 1920. Han var fleire gonger på tale som stortingsmann. I to periodar var han varamann til Stortinget: fyrst for Venstre i 1915-18 og seinare for Bondepartiet i perioden 1921-24.

Han var oppvaksen med det dansk-norske skriftmålet. Det var språket i bøker og blad dei hadde heime, og det var språket i huspostillen. Etter amtskolen på Feda kjende han seg trygg i å bruka dette skriftspråket dei også brukte der.

Seinare i ungdomsåra vart han meir kjend med landsmålet. Her kjende han att sitt eige heimemål, dyrka det vidare og brukte det sidan i alt han skreiv.

Då målrørsla begynte å organisera seg i landsdelslag rundt hundreårskiftet, vart han med i styret i "Egde- og telelaget" som vart stifta i 1899. Seinare, i 1908, vart "Mål-laget i Flekkefjord" stifta. Der var han òg med i styret.

Ein av dei store kongstankane hans var å styrka bonden si stilling kulturelt, mellom anna ved den gjennomførde bruken av landsmålet i skrivinga og i forteljarverksemda.

Forfattaren

Utgangspunktet og bakgrunnen for bøkene hans og ramma rundt hendingane i dei er for det aller meste Sør-Vestlandet der han sjølv budde og kjende kvar krok. Han var heimstaddiktar. Geografisk gav han i litteraturen rom til landet mellom Garborg i vest og Gabriel Scott og Vilhelm Krag i aust. Men tema og spørsmåla han tok opp, var allmennmenneskelege. Dei var knytte til bygda, tida og miljøet. Han var oppteken av å visa mennesket i samspel med miljøet, det vil seie i forhold til andre menneske, arbeids-situasjonar og naturforhold. Ved å skriva på den måten var han med på å gi sjølvforståing og sjølvtilit til bygdefolket og den alternative kulturen som vaks fram rundt år 1900.

Slutten av 1800-talet var ei brytningstid. Dei fyrste politiske partia vart stifta på 1880-talet. Parlamentarismen vart innført i 1884. Det var ein kamp for nasjonalt sjølvstende og lausriving frå Sverige. Kvinnene kjempa for stemmerett. Nye idear og vitskaplege nyvinningar kom frå Europa. Mange store diktarar var i sine mest aktive, skapande år. Ofte kjende dei seg ikkje berre som diktarar, men som profetar for ei ny tid. Dei var talsmenn for idear som skulle "settast under debatt". Litteraturhistoria har seinare sett merkelappen "naturalisme" på denne tida. Naturalismen som vart sett på som ei vidareføring av realismen, skildra gjerne ulykkelege og tragiske menneskelagnader, sosial nød og urett. Målet for naturalistane var ofte å forandra og gjera samfunnet betre. *Fra Kristianiabohemen* av Hans Jæger og *Albertine* av Christian Krohg vart begge beslaglagde av styresmaktene (1885/86).

Men i litteraturen snur det ofte snøgt. I 1890-åra ser vi ei meir subjektiv og personleg dikting og sterkare innslag av dekadanse, (natur)mystikk og nyreligiøsitet.

I motsetning til mange andre forfattarar av bondeætt, vart Hans Seland verande bonde og brukte denne ståstaden aktivt i bøker og forteljarverksemd. Norma i diktinga hans er prega av ei positiv livstru, basert på det enkle livet han kjende så godt. Dette var ikkje heilt i tråd med tendensen i litteraturen rundt det førre århundreskiftet. Kanskje er det difor at han i ettertid ikkje er teken heilt på alvor av litteraturkritikarane og litteraturhistorikarane.

Hans Seland debuterte i 1890 med *Ungdom. Espen sine songar*, ei lita diktsamling.

I dei ti åra som følgde, gav han ut elleve bøker: dikt, folkelivsskildringar og små forteljingar. Til saman vart det 41 bøker gjennom bortimot 60 år.


Bøkene om Eikelifolket, *Andror* (1898) og *Eikeli* (1899), er mellom dei mest kjende. Dei kom i fleire opplag, siste gong i 1957. Her er det strevet på heiegarden som er hovudmotivet, og her ser ein at kona på garden har fått ein

heidersplass. Få diktarar har så klart hatt syn for kvinna og hennar verdi i norsk bondeyrke, skriv Einar Arne i boka si om Hans Seland.

Inger – ein sumardraum (1894) er ei vakker lita bok om ung kjærleik. *Høgsumar* kom ut i 1903. Boka er ein kjærleiks-/ekteskapsroman om Helga og Sigmund, frå dei møttest, finn ut at det skal vera dei to, til samliv og dagleg strev i kvardagen. Tonen var lys og lett. Mange lesarar venta nok på at problema skulle dukka opp i romanen, men dei kom ikkje. Og slik kunne jo også eit samliv vera! I brev frå Arne Garborg til Hans Seland denne våren finn ein truleg ei forklaring på temaet i boka. Garborg skriv:

"Men no hev me so lengi lese og fortalt om alt dette vonde, at eg fær som ein Tanke om at Folk vel snart tek til å lengta etter ljose, glade Bøker att. [...] Og enno undrast eg paa um ikkje noko slikt skulde arbeide seg fram i Deg, og kann Du no skrive ei Bok "um eit godt Samliv"?"

Då eg kom til Jæren som nyutdanna bibliotekar på 1980-talet og møtte folk som peila inn kven eg var, ut frå etternamnet mitt, var det ofte desse bøkene dei trekte fram, i tillegg til "hikstoriene". Med stjerner i augo hevda dei at dette var noko av det finaste dei hadde lese!



Hans Seland ein sommardag



Hans Seland ved skrivebordet

Ein annan viktig del av den litterære produksjonen hans, er barnebøkene. Heilt frå eg var liten, fekk eg høyra historier frå desse bøkene hans: *Prinsesse Gullsko* (1901), *Dagros og andre dyr* (1907), *Reidar unge* (1910) og *Ivar den spake* (1916). Dette var historier han fyrst fortalde til sine eigne ungar, og som spegla dagleglivet på ein liten sørvestlandsgard for vel 100 år sidan.

At han begynte å skriva barnebøker, er mykje kona, Serena, å takka. Etter kvart som den eldste jenta vaks til, fann dei ut at der var skrive lite som "smaa fireaaringar kunne fylgja med i". Difor måtte han finna på forteljingar sjølv. Serena rådde han til å skriva dei ned. Slik vart boka "Prinsesse Gullsko og systrene hennar" til. Med den kom to viktige tilskot til den nynorske barnelitteraturen: ei bok som passa for dei minste og ei bok med ei jente som hovudperson. Her møter me Gullsko og søstrene hennar, "Smørblomen" og "Tytebæret", i daglegdagse situasjonar som mange kunne kjenna seg att i. Deler av boka var brukte i lesebøker opp til 1950-talet, og ho vart gitt ut på nytt til 100-årsjubileet for forfatternen i 1967

I "Dagros og andre dyr" presenterte han dyreforteljingar på ein heilt ny måte. Her var det dyra sjølve som fekk ordet. Eg hugsar ennå at eg som barn las om det Dagros fortalte om dagen då ho endeleg fekk sleppa ut frå fjøset etter ein lang vinter på bås. Eg ser for meg at dei har det på same måten, dei kyrne ein gjerne ser på fjernsyn kvar vår, når dei endeleg slepp ut og hoppar og sprett rundt på tunet før dei finn seg litt grønt, friskt gras å beita på.

Tradisjonsberaren og lokalhistorikaren

Rim og regler vart mykje brukte då eg var liten. Her står eg i tradisjonen frå far til farfar og generasjonane lenger bakover. Det kunne vera fingerreglar (Tommeltott, slikkepott, langemann, osv.), ellingar (Ana, drana, drina, droks, osv. og Akka, bakka, bunka, rakka, osv.). Mange kjenner ein att frå andre kantar av landet, mange har fått sin eigen lokale vri, og nokre er heilt lokale, - som denne gamle "remsa":

Kvar skal du hen?

*Eg skal til Loga og koga,
til Sveiga og steiga,
til Eie og få skeie,
til Feda å eda,
til Flikka å drikka
og til Bakka å takka.*

Eventyr og segner var også i ein levande tradisjon på Seland. Ei segn fortel korleis holmen Hestehoven i Selura har fått namnet sitt, ei anna fortel om risen som var på veg heim og sette seg på ein stein i Selandsmarka for å kvila. Men så kom sola, og risen sprakk. Steinen ligg der ennå, fint plassert oppå ein annan stein.

Eventyra fekk også gjerne sin eigen lokale vri. Eg hugsar best eventyret om korleis bjørnen vart stuttrompa. Det var reven som lurte bjørnen til å prøva ein ny fiskemetode. Han skulle laga eit hol i isen, setta seg der med halen ned i



Hans Seland-monumentet frå 1955
i Sundeparken, Flekkefjord.
Kunstnar: Ståle Kyllingstad

vatnet og venta leeenge. Då var han garantert fisk! I vår verd var det på Forenes i Selura at bjørnen prøvde fiske-lykka. Far hadde køyrt forbi med hest og slede og hadde sett det heile!

Dette er den gamle forteljartradisjonen som ennå var levande i heimen hos oss. Etter at Asbjørnsen og Moe og andre skreiv ned eventyra midt på 1800-talet, var det ofte den skriftlege forma deira som vart brukt, og dei lokale variasjonane forsvann.

Alt dette var Hans Seland spesielt oppteken av. Interesse

hans for lokal, munnleg tradisjon finn vi tydeleg att i arbeidet med *Grannen*. Frå 1915 og fram til han døydde i 1949, gav han ut bladet *Grannen: eit samlingsblad for segn og soge frå Flekkefjord og bygdene rundt*. Bladet vart gitt ut av Flekkefjord Mållag og kom som eit vedlegg til avisa "Agder" fire gonger i året. Dei fyrste åra skreiv han det meste av dette stoffet sjølv. Etter 1949 tok Lars Fr. Nuland over redaktøransvaret. I 1996 vart *Grannen* gitt ut i bokform i fire band av Flekkefjord Historielag.

Hetlesaka

Hans Seland var eit samfunnsengasjert menneske. Heile livet igjennom var han oppteken av at rettferd skulle gjelde alle. Det var derfor naturleg for han å engasjere seg sterkt når han såg at enkeltmenneske vart offer for urett. Denne rettskjensla førte til at han kom til å bruke mykje tid på ei spesiell sak. Knapt noko anna rettssak utanom rettsopp-gjeret etter andre verdskrigen vekte slik merksemd i Noreg i første halvdel av 1900-talet som Hetlesaka. Ho hadde utspringet sitt i Viksdalen i Sunnfjord. Saka vart etterforska og kom først for retten som ei mordsak med to dømde, og enda i det som skulle bli omtalt som eit av dei verste justismorda i Noreg nokon gong.

I 1907 vart to sunnfjordingar, Mikal og Ole Hetle, dømde for å ha drepe naboen sin. Hans Seland stilte seg frå første stund på Hetle-karane si side og arbeidde hardt for å få saka deira opp att. Han skreiv sjølv ein av dei tre søk-nadene om oppattaking. Men saka kom opp att først langt seinare. Elles skreiv han ei mengd innlegg i aviser og blad om saka gjennom mange år.

Hans Seland fekk til slutt oppleve at dei to under den andre verdskrigen vart frifunne. Han kom i 1947, to år før han døydde, ut med boka *Hetlesaka som gjekk i 40 år. Noregs raraste rettssak*, der han i sin eigen personlege tone fortel om saka frå byrjing til slutt. Her viste han mellom anna til det jusprofessor Nikolaus Gjelsvik så tref-fande skreiv om saka:

"Rart! Ingen veit k v a r Henrik Hetle vart drepen, ingen veit n å r han vart drepen, ingen veit k o r l e i s han vart drepen, ingen veit k v e n som har drepe, og ingen, ingen veit o m han vart drepen. Endå vart to mann dømde."

Avslutning

Det er eit stort livsverk vi kan sjå etter Hans Seland, og det er all grunn til å minne kvarandre om det han fekk gjort. At det i 2017 er 150 år sidan han vart fødd, vil bli markert på ulike måtar i jubileumsåret. Vil du vita meir om Hans Seland? I samband med jubileet blir det arrangert ein fest-kveld i Flekkefjord Kultursenter "Spira" i Flekkefjord 4. mars 2017. Du er velkomen dit!

Kjelder:

Arne, Einar: Hans Seland (1966)

Arne, Sigrid: Hans Seland's forfattarverksemd i høve til ein alternativ nynorsk litterær institusjon rundt hundreårs-skiftet. Hovudoppgåve i nordisk. (1982).

Ringard, Morten: Hans Seland: en profil. (1949)

<http://www.selandia.org>

Mange har høyrte om diktaren, forfattaren og forteljaren Hans Seland. Men få i dag har lese så mykje av han. Han skreiv dikt, romanar, forteljingar og historier og det som mange enno kjenner til, barnebøker. Vi tek her i «Julehilsen fra Flekkefjord» med innleiingskapitlet i den fyrste barneboka hans «Prinsesse Gullsko og systrene hennar» som kom i 1901. I dette kapitlet høyrer vi forteljaren Hans Seland. I eit enkelt språk, levande og med varme, når har fram til barn og vaksne, også i dag. (Red.)

Hans Seland:

Prinsesse Gullsko og systrene hennar

Det var ein gong ei lita jente som heitte Astrid. Ho var fire år, og hadde ei syster som var to. Ho heitte Valborg. Dei var glade i kvarandre og kunne leika i hop så det var ei lyst å sjå. Men av og til drogst dei og slost dei, og så grét dei, og så klaga dei kvarandre for mor og far. Men dei vart snart snille att.

”Kven av dykk er mi jente?” spurde mor deira.

”Eg!” sa Astrid.

”Eg og!” sa Valborg.

”På det viset får visst ikkje pappa noka jente, han,” sa ho mor.

”Eg er både di og pappa si jente,” sa Astrid.

”Eg og!” sa Valborg.

Valborg ho sovna med det same mor hennar fekk henne i seng om kveldane. Ho kava så om dagen at ho vart trøytt. Men Astrid låg vaken og prata ei lang stund. Då ville ho høyra eventyr.

Ho var så forviten etter eventyr.

Men det om bukkane Bruse, det lika ho ikkje for vel. Det var så nifst med dette øyeleg store stygge trollet som låg og lurde under brua.

”Fortel om Ferlomfin,” sa Astrid.

Men far hennar ville heller syngja for henne, så ho kunne sovna snarare. ”Og det eventyret om Ferlomfin har du høyrte så mange gonger,” sa ha.

”Så skal du syngja om Pål sine høner,” sa Astrid. ”Og så om Dei gamle fjelli!”

Dei songane lika ho best.

Om vinteren, når det var styggevær, og far deira var i huset, ville jentungane mest tyna han. Han skulle leika med dei.

Stundom skulle han krypa på golvet og vera hest. Då reid Astrid på ryggen hans, og Valborg leidde han etter øyra. Det var moro.

Og stundom sat baa jentene på knea hans, den eine attom hi, og reid til framande land. Å hei, kor hesten tråva i veg! Då var dei rundt heile verda til alle dei kjende; såg etter korleis dei levde. Og farbror i Amerika og morsyster i byen spurde om det var dei jentene som var ute og ferdast. ”Korleis lever dei heime?” spurde dei. ”Takk godt! Vi skulle helsa så flittig.” ”Vil de ikkje setja dykk hit til bordet og få ein grann mat?” ”Takk, men vi har ikkje stunder i dag; vi skal langt!” Og ”hypp, hypp! hesten, vil du gå!” – der dansar dei av garde att så spruten står etter hestehovane.

Ein gong bråstogga hesten og sa han visste ikkje kvar dei var. ”Kvar trur du?” spurde Astrid. ”Nei, eg veit ikkje. Vi er ved eit stort langt vatn, og så ser eg ein bjørn som kjem tassande.” ”Vil han ta oss?” ”Eg føler mest for det!” – ”Eg er redd!” sa Astrid. ”’edd eg og!” sa Valborg. ”Pøh, no hoppar hesten tvert over heile vatnet med dykk!” sa pappa. Og hopp! – der var dei på hi sida. ”No kan bjørnen stå der med lang nase!”

”Kva vil han no?” spør Astrid.

”No sit han i bakken, så seier han: ”Skal eg over den breie fjord, våt så vert mi bukse!” Så går han til Hallvor: ”Hallvor, lån meg skuta di; ingen båtar ber’e meg; eg er beden til bryllaups – i skogen!” Den fanten. Han torer ikkje fortelja at han lurar etter små born, for då veit han Hallvor låner aldri bort skuta...

Nå kjem han roande så fossen står om stammen. Men hypp! så hoppar vi berre over att. Bjørnen etter. Han elter seg mest i hel. Det har han godt av, tjuveradden! No jumpar han i land; men høyr: - Kven er det som ropar oppi lia? Det er visst Per skyttar –: ”Har du sett nokon bjørn der nede, Hallvor?” ”Sei nei” kviskrar bjørnen. ”Nei,” svarar Hallvor. ”Kva er det som står attmed deg?” ropar han Per. ”Sei det er ei rot!” kviskrar bjørnen. ”Det er ei gamal rot,” seier Hallvor. ”Slike røter plar vi velta på sleden og gyrda fast,” ropar Per. ”Skal eg koma ned og hjelpa deg?” – Svar at du kan hjelpa deg sjølv!” kviskrar bjørnen. No er han ikkje høghjarta, tenkjer eg. ”Eg får han på åleine!” seier Hallvor. Og så snører han bjørnen dugeleg fast på sleden. ”Slike kubbar plar vi hogga øksa i!” ropar skyttaren. ”Eg er så meint å gjerda, eg og!” svarar Hallvor; han slengjer øksa i høgste lufta og kløyver hovudet på bjørnen. No slepp han luska etter småborn fleire gonger. No har han fått det han skulle hatt for lenge sidan, stygge merra-flåaren!”

”Til pass åt han!” seier Astrid.


”Skulle det vera gildt å ha eit lite barn til i huset?” spurde far deira ein dag.

”Ja, men helst to!” meinte Astrid. ”Så kunne eg og Valborg eiga kvar sitt. – Mamma, vil du skriva to born på setelen når pappa går til byen?”

”Pappa har visst nok med å slepa heim eitt,” trudde ho mor.

”Så kunne han kanskje få eitt sidan?” sa Astrid.

”Ja, kan henda det, du!” sa faren.



“Eventyrforteljaren”. (1901) Hans Seland les for barna sine.
Målarstykke av Frida Rusti (1861-1963)

Så var det ein morgon, då låg det eit ørlite jentebarn i mamma sin arm. Det hadde ikkje tenner, og mest ikkje hår, men det såg ut for at systrene lika det likevel. Dei ville plent ha det i fanget; men mamma sa det måtte veksa noko fyrst og bli sterkare; enno tolde det for lite. ”Sjå berre kor jammerleg små fingrar det har,” sa ho.

”Å nei, å nei, kor små dei var!” sa Astrid. ”Nei, kor ’må dei var!” sa Valborg og.

Det kom så mange framande koner til mamma dei dagane, ville sjå veslebarnet. Og alle hadde god mat med. Helst risgraut. ”Det kan henda du hadde lika betre eitkvart anna; eg visste kje kva eg helst skulle finna på,” sa Sigrd grannekone. ”Ja, ertesuppe hadde vore betre!” sa Astrid. Då måtte mamma le.

Astrid ville at mora skulle risa opp når det kom framande og ikkje liggja og dovna seg midt på lyse dagen. Men bestemor og pappa sa ho var trøytt og trong kvila seg. Det kunne vera måte på kviling og, tykte Astrid.

Mamma måtte inn ifrå den andre stova ein dag og sjå kva det var Astrid masa så hardt med. Valborg skulle leggja seg i senga med dokka på armen, så ville Astrid koma med mat til henne. ”Du må liggja still, liksom mam-

ma gjorde,” sa Astrid. Ho svinta ut i kjøkenet, fann seg ei korg, banka på døra og kom inn att. ”God dag, Valborg, har du fått ei jente? Kor stor ho er! Eg tok med meg eit fat risgraut; eg veit ikkje om du likar det?”

”Nei!” sa Valborg og gjekk fram or senga.

”Du må liggja still og seia: ”Takk, du skulle ikkje hatt kostnad.”

”Nei!” sa Valborg.

Så skjelte Astrid, og Valborg skreik. Mamma måtte inn og stagga på dei.

”Eg vil aldri meir leika med Valborg,” sa Astrid. ”For ho vil ikkje lyda og gjera som eg seier henne til.”

”Koss er det med deg?” spurde mor. ”Lyder du alltid når mamma seier noko til deg? Kor kan du då venta at ho som lita er skal lyda?”

Sjå det var ikkje så greitt å svara på; men det var ikkje så greit å vera Astrid heller alltid.

Ho sat på golvet og bygde seg gilde hus av hoggesponar, så visste du ikkje ordet av før Valborg kom og reiv dei ned. Og ikkje måtte ho slå, for Valborg var så lita; og ikkje måtte ho skrika, dertil var ho sjølv for stor – ville dei ha det til, dei vaksne. Du kunne aldri vita di arme råd, sumtid. Men då hende det at pappa tok storejenta si på fang og gav seg til å fortelja for henne sjølvbeden.

Det var eit nytt eventyr om ei lita jente på Astrid sin alder. Ho tvinta av garde på eiga hand, ville finna far sin på slåtte-

vollen. Men så tok ho ein galen veg. Og så tumla ho seg lenger og lenger av stad. Ho grét ein grann og, for ho var så redd. Så kom det ei framand kone og spurde kva ho grét for. Jau, for ho kunne ikkje finna far sin og ikkje finna heim att. ”No skal eg fylgja deg heim,” sa den snille framande kona. Ho hadde vore i byen og hadde sukker i lomma. Det gav ho til den vesle jenta for at ho ikkje skulle gråta meir.

”Du må tru det vart glede på far og mor til den vesle jenta, då framandkona kom leiande med henne,” fortalde far.

”Kva heitte den vesle jenta?” spurde Astrid.

”Ho heitte, ho heitte – så mykje som – prinsesse Gullsko,” fortalde faren. ”Og ho hadde to systrer som var mindre, ei som dei kalla ”Smørblomen”, for ho var så fæl ein smørgris, og ei lita torve som heitte ”Tyttebæret”, for ho var så rund og raud og lubben og god.”

”Fortel meir om prinsesse Gullsko!” bad Astrid.

”I morgon skal du få høyra meir om henne,” lova faren.

Hans Seland:
“Prinsesse Gullsko og systrene hennar”. 1967
Første utgåve 1901